

# M Ø T E B O K

for

## KONTROLLUTVALET I HAREID KOMMUNE

---

MØTETID: 25.09.2014 kl. 08.30 – 11.00

MØTESTAD: Hareid rådhus, Møterom 1 i første etasje.

**MØTEDELTAKARAR:**

Kontrollutvalet:	Jarl Helmut Schröder (leiar) Inga Ishild Hareide (medlem) Hallvard Sæverud (medlem)
Vara som møtte:	Modulf Røyset for Linda Haddal Røssevoll
Faste medlemer som ikkje møtte:	Linda Haddal Røssevoll (medlem) Greta Kirkebø (ikkje meldt avbud)
Vest kontroll:	Jostein Støylen (dagleg leiar)
Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS:	Bodill Skeide (dagleg leiar/revisjonssjef)
Hareid kommune:	Ingen
Andre som møtte:	Ingen
Møtet var leia av:	Jarl Helmut Schröder

## **SAKLISTE**

SAK 24/14 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.  
MØTEPROTOKOLLEN

SAK 25/14 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE  
MØTE

SAK 26/14 MELDINGAR

SAK 27/14 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2014

SAK 28/14 REVISJONSSTRATEGI 2014 – FINANSIELL REVISJON

SAK 29/14 BUDSJETT FOR KONTROLLUTVALET 2015

SAK 30/14 REKNESKAPSRAPPORT PR. 1. TERTIAL 2014

SAK 31/14 SAMARBEIDSAVTALE MED REVISJONEN

SAK 32/14 OPPFØLGINGSLISTE

**SAK 24/14 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.  
MØTEPROTOKOLLEN**

**Samrøystes vedtak:**

1. Innkalling og sakliste vert godkjent.
2. Til å skrive under møteboka saman med leiaren vert vald Inga Ishild Hareide.

**SAK 25/14 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE**

**Samrøystes vedtak:**

Møteboka frå møtet den 27.05.14 vert godkjent.

**SAK 26/14 MELDINGAR**

**Meldingar:**

Melding om vedtak i kommunestyret: Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Barnevern i Hareid kommune.

**Samrøystes vedtak:**

Meldinga vert teken til orientering.

**SAK 27/14 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2014**

Møteprotokollar til gjennomgang:

Kommunestyret:	19.06
Formannskapet:	26.05, 10.06, 19.06, 25.08, 15.09
Levekårsutvalet:	03.06, 02.09
Nærings- og miljøutvalet:	03.06, 11.07, 18.08, 02.09
Eldrerådet:	10.09
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne:	10.09

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknader til gjennomgådde møteprotokollar.

**SAK 28/14 REVISJONSSTRATEGI 2014 - FINANSIELL REVISJON**

Kontrollutvalet vedtok å lukke møtet under gjennomgangen av revisjonsstrategidokumentet, jf. kommunelova § 31, jf. offl. § 24.1.

**Vedlegg:**

- B-dokument. Dokument for revisjonsstrategi - finansiell revisjon. **(Unnateke off. innsyn, jf. Offl. § 24.1).**

**Saksopplysningar:**

For å utføre ein forsvarleg revisjon har Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS ved revisjonssjef/oppdragsansvarleg revisor Bodill Skeide, i samsvar med regelverket, utarbeida revisjonsstrategi for revisjonsarbeidet – finansiell revisjon for året 2014.

Revisjonsstrategien består av flg. dokument (som er unnateke off. innsyn):

- Revisjonsstrategi
- Generell vesentlegheitsvurdering
- Risikovurdering lønsområdet
- Risikovurdering innkjøpsområdet
- Risikovurdering salsområdet - inntekter
- Risikovurdering overføringsområdet
- Risikovurdering finansområdet
- Risikovurdering likvidområdet

Revisor har i Revisjonsstrategidokumentet vurdert si uavhengigheit.

Revisor gjekk igjennom dokumentet og svara på spørsmål.

**Samrøystes vedtak:**

1. Kontrollutvalet tek til etterretning Revisjonsstrategi 2014 – finansiell revisjon, for kommunen, utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.
2. Kontrollutvalet stilte spørsmål i gjennomgangen av revisjonsstrategidokumentet m.o.t. utviklinga i talet på årsverk i kommunen dei siste åra. Revisor vil sjekke opp dette.

**SAK 29/14 BUDSJETT FOR KONTROLLUTVALET 2014****Saksopplysningar/saksutgreiing:**

Styret for Vest kontroll vedtek selskapet (samarbeidet) sitt budsjett. Når vedtak er fatta vert melding om kommunen sitt tilskot sendt rådmannen, som legg dette inn i kommunen sitt budsjett. Sekretariatet er det utøvande lekk for kontrollutvalet.

I tillegg til budsjett for sekretariat er det nødvendig at kontrollutvalet som organ har sitt eige budsjett som skal dekke: Opplæring/kurs, litteratur m.m.

Kommunal- og regionaldepartementet skriv bl.a. dette i Kontrollutvalsboka (2011) om opplæring:

«Kommunestyret er ansvarleg for at kontrollutvalsmedlemmene og varamedlemmene får tilstrekkeleg opplæring i sine kontroll- og tilsynsoppgåver.»

«Kontrollutvalet bør sørge for at medlemmene (både faste og vara) får tilstrekkeleg opplæring. Det vil vere nytting at utvalet held seg orientert om arrangement i regi av bransjeorganisasjonar og foreiningar, og sjølv tek initiativ til kurs medlemmene har trong for» For å få tilstrekkeleg opplæring er det nødvendig at det vert løyvd midlar.

Hausten 2015 vil eit nytt kontrollutval vere valt på i konstituerande kommunestyremøte (nye valreglar for kontrollutval frå valet 2015). Dette inneber at opplæringa kjem i gong hausten

2015. Dette gjer at kontrollutvalet må be kommunestyret om styrka budsjett for 2015 i høve kravet for 2014, som var på kr 30.000.

For større særskilde tiltak/saker (som gransking, større forvaltningsrevisjonar) må framleis hovudregelen vere at kontrollutvalet først går til kommunestyret for å få løyvd nødvendige midlar til formålet.

Viser til Kontrollutvalsboka som er utgitt av Kommunaldepartementet i 2011 side 25: «Det er berre kommunestyret som kan endre budsjettframlegget frå kontrollutvalet. Grunnen til at budsjettet til kontrollutvalet er i ei særstilling, er at utvalet skal vere fritt og uavhengig av dei organa som utvalet skal kontrollere. Det er uheldig om administrasjonen eller eit organ som kontrollutvalet skal kontrollere og ha tilsyn med, til dømes formannskapet eller administrasjonsutvalet, får innverknad på budsjetttramma til tilsynsorganet.

Formannskapet kan likevel, i sitt samla budsjett, føreslå eit lågare beløp enn det kontrollutvalet føreslår. Budsjettframlegget til kontrollutvalet skal likevel uendra følgje det samla budsjettframlegget til kommunestyret, slik at kommunestyret ved budsjetthandsaminga har informasjon om både kontrollutvalet sitt framlegg og formannskapet si innstilling til budsjett.»

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet ber kommunestyret løyve minimum kr 40.000,- til fri disposisjon for kontrollutvalet i budsjettet for 2015. Leiar og møtegodtgjersle må kome i tillegg.

**SAK 30/14 REKNEKAPSRAPPORT PR 1. TERTIAL 2014**

**Vedlegg:**

Kommunestyresak 38/14 Rekneskapsrapport pr. 1. tertial 2014

**Saksopplysningar:**

Kommunestyret har i sak 38/14 behandla tertialrapport 1. tertial 2014 og gjort slikt vedtak: «Kommunestyret tek signala frå rekneskapsrapport pr. 1. tertial til vitande og ber administrasjonen fremje sak om budsjettjustering i juni 2014.»

Vi viser til saksutgreiing frå rådmannen med statusrapport frå sektorane og resultateiningane.

Det er viktig at kontrollutvalet er informerte, sjølv om saka er ferdigbehandla i kommunestyret.

Rådmannen hadde slik innstilling i saka:

Kommunestyret tek signala frå rekneskapsrapport pr. 1. tertial til vitande og ber administrasjonen fremje sak om budsjettjustering i juni 2014. Formannskapet rådde kommunestyret til å vedtak rådmannen si innstilling og kommunestyret gjorde vedtak 22.05.14.

Kontrollutvalet har ikkje innverknad på sjølve saka og kan kun ta saka og behandlinga til orientering/vitande.

**Samrøystes vedtak:**

1. Kontrollutvalet tek rekneskapsrapport pr. 1.tertial 2014 til vitende.
2. Kontrollutvalet meiner at tertialrapporten viser manglande samanheng mellom resultateiningsrekneskapan og den verbale beskrivinga, grunna manglande rekneskapsperiodisering og/eller budsjettperiodisering.  
Den verbale skildringa i tertialrapporten bør også talfestast og samanfattast til ei prognose for samla resultatet ved årsslutt.
3. Kontrollutvalet viser vidare til forvaltningsrevisjonsprosjekt for økonomistyring og budsjettoppfølging i kommunestyresak PS 22/14, der kommunestyret har vedteke at revisor sine anbefalingar skal fylgjast. Kontrollutvalet ber rådmannen også ta med seg opplysningane i pkt. 2, i sitt arbeid med å få følge opp kommunestyrevedtaket.

**SAK 31/14 SAMARBEIDSAVTALE MED REVISJONEN****Vedlegg:**

Forslag til samarbeidsavtale

**Saksopplysningar:**

Kontrollutvalet gjorde i sak 38/13 vedtak om å inngå ein skriftleg samarbeidsavtale med Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS. Leiaren i utvalet og sekretariatet fekk i oppdrag å utarbeide forslag til avtale.

Likelydande vedtak vart gjort i dei andre kontrollutvala på Søre Sunnmøre.

Då alle kontrollutvala på Søre Sunnmøre ville inngå avtale var det naturleg å samordne arbeidet. Kontrollutvalsleiarane hadde felles samling den 03.02.2014 og valde då slikt arbeidsutval: Jarl Schröder (leiar) – Hareid, Ronald Hagen (nestleiar) og Jostein Støylen frå Vest kontroll (sekretær).

Sekretæren i utvalet har hatt den løpande kontakta med dagleg leiar/revisjonssjef Bodill Skeide i Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.

Avtalen som er forhandla fram ligg no føre, jf. vedlegg.

Arbeidsutvalet rår til at avtalen som er forhandla fram, og som no ligg føre vert godkjent.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet godkjenner avtalen mellom kontrollutvalet og Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.

**SAK 32/14 OPPFØLGINGSLISTE****Vedlegg:**

Oppfølgingsliste

**Saksopplysningar:**

Oppfølgingslista vart gått igjennom i møtet.

**Samrøystes vedtak:**

1. Oppfølgingslista vert teken til vitende.
2. Sekretariatet tek opp med rådmannen om kommunen no har datasystem for å lage oppfølgingsliste for kommunale saker. Om ikkje rår kontrollutvalet rådmannen til å utarbeide og bruke eit manuelt system.

**Møtet slutt.**

Jarl Schröder

Inga Ishild Hareide

**Møteprotokollen går til:**

**Kommunestyret som melding  
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte**

## OPPFØLGINGSLISTE - LØPANDE

### KONTROLLUTVALET I HAREID KOMMUNE

2014

Møtedato	Saksnr.	Sak	Vedtak	Merknader	Ansvar	Status
11.03.13	04/13	Gjennomgang av møteprotokollar 2012	04/13 Pkt. 3: Kontrollutvalet stiller spørsmål ved om kommunen har eige system/rutinar for oppfølging av saker, og om desse er skriftlege. Utvalet ber i så fall om å få rutinane tilsendt.		Rådmannen	18.03.2013: Sendt e-post til rådmann og ordførar.  30.05.2013: Sak 16/13 Orientering ved rådmannen. 4 gongar i året spørsmål om saker som ikkje er utkvitterte. Kvalitetslosen vert prøvd på Oppvekst. Vil sjekke om det er elektronisk system for oppfølging. Vedtak: Pkt. 3: Kontrollutvalet oppmodar rådmannen å utarbeide eit system for oppfølging av politiske saker som gjir kommunestyret, kontrollutvalet m/fl. Tilfredsstillande opplysningar om korleis desse er følgt opp. Utvalet ber om tilbakemelding frå rådmannen.
11.03.13	06/13	Forvaltningsrevisjon	Kontrollutvalet ber revisjonen setje i verk prosjekt for økonomistyring, med spesiell vekt på pleie- og omsorgssektoren. Utvalet viser til samtalen med revisjonen om prosjektet og ber revisor gjere eit kort forprosjekt for kontrollutvalet før oppstart.		Revisjonen	18.03.2013: E-post til revisjonen om vedtak.  11.09.2013: Sak 28/13 Forvaltningsrevisjon – orientering. Kontrollutvalet tek prosjektplanen for forvaltningsprosjektet Økonomistyring Hareid kommune til vitande.



11.03.13	07/13	Tilsynsrapportar	<p>Pkt. 2: Kontrollutvalet ber om at rådmannen i framtida gir kontrollutvalet melding om:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Korleis det vert ordna opp i eventuelle merknadar</li> <li>- Korleis og når eventuelle avvik vert lukka</li> <li>- Den administrative og politiske behandlinga av tilsynsrapportane</li> </ul> <p>Pkt. 3: Kontrollutvalet ber rådmannen om kopi av korrespondansen kommunen har med tilsynsorgana etter kvart.</p>			Rådmannen	<p>29.01.2014: Høyringsrapport sendt til Vest kontroll frå revisjonen.</p> <p>27.02.2014: Sjå sak 10/14.</p> <p>18.03.2013: E-post sendt til rådmann og fylkesmann</p>
21.11.13	38/13	Revisjonseining - avtale	<p>Pkt. 3: Kontrollutvalet vil inngå ein skriftleg samarbeidsavtale med SSKR IKS, med startpunkt frå revisjonsåret 2014 av. I avtalen skal bl.a. inngå krav som er nemnde i pkt. 2. (Kontrollutvalet er langt meir oppteken av at revisjonen leverer, med høg kvalitet og til rett tid, enn organiseringa so i utgangspunktet er ei sak for revisjonen.) Leiar og sekretariat utarbeider forslag til avtale.</p>			Kontrollutvals-leiar Vest kontroll	<p>25.09.2014: Forslag til samarbeidsavtale skal opp i sak 31/14.</p>
21.11.13	39/13	Ymse	<p>Pkt. 1: Kontrollutvalet viser til vedteken plan for forvaltningsrevisjon pkt. 2 og vel å utføre eit prosjekt i 2014 utanom prioriteringslista: Barnevernstenesta i Hareid kommune, då med utgangspunkt i det som kjem fram i notat av 11.11.13 frå kontrollutvalsmedlem Linda Haddal Røssevoll.</p>	Revisjonen arbeidar med prosjektet.	Revisjonen arbeidar med prosjektet.	Revisjonen	<p>26.11.2014: Vedtak sendt til revisjonen.</p> <p>Sjå sak 23/14</p>

2014			<p>Pkt. 2: Grunna samanslåing av barnevernet ber kontrollutvalet om at prosjektet vert prioritert tidleg i 2014.</p> <p>Pkt. 3: Kontrollutvalet ber revisjonen utarbeide prosjektplan.</p>	<p>på prosjektet då dette hastar med å få det ferdig.</p>		
27.02.2014	10/14 Arkiv: 217	Forvaltningsrevisjonsrapport – Økonomistyring og budsjettoppfølging i Hareid kommune	<p>Samrøystes innstilling: Pkt. 1: Kommunestyret tek til vitande forvaltningsrevisjonsprosjektet Økonomistyring og budsjettoppfølging i Hareid kommune.</p> <p>Pkt. 2: Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar, jf. rapporten pkt. 7 side 48, skal følgjast/utførast.</p> <p>Pkt. 3: Kontrollutvalet meiner det bør rapporterast tertialvis i staden for kvartalsvis, då dei no har gått over til månadsrapportering til formannskapet .</p> <p>Pkt. 4: Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane og evt. vidare framdrift til kontrollutvalet innan 17.10.2014</p>	Rådmannen	<p>06.03.2014: E-post sendt til postmottak</p> <p>24.04.2014: Behandla i kommunestyret Vedtak: Pkt. 1: Kommunestyret tek til vitande forvaltningsrevisjonsprosjektet Økonomistyring og budsjettoppfølging i Hareid kommune. Pkt. 2: Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar, jf. rapporten pkt. 7 side 48, skal følgjast/utførast. Pkt. 3: Kommunestyret vedtek at det skal rapporterast tertialvis i staden for kvartalsvis, då dei no har gått over til månadsrapportering til formannskapet. Pkt. 4: Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane og evt. vidare framdrift til kontrollutvalet innan 17.10.2014</p>	
27.05.2014	23/14 Arkiv: 217	Forvaltningsrevisjonsrapport – Barnevern i Hareid kommune	<p>Samrøystes innstilling: Pkt. 1: Kommunestyret tek til vitande forvaltningsrevisjonsprosjektet Barnevern i Hareid kommune.</p> <p>Pkt. 2: Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar, jf. rapporten pkt. 8 side</p>	Rådmannen	<p>28.05.2014: E-post sendt til postmottak</p> <p>19.06.2014: Behandla i kommunestyret Vedtak:</p>	

